


Planten Kjempebjønnekjeks er tilbake på sin faste plass.

05.06.2018



Kjempebjønnekjeks er ein toårig plante som avgir eit sviande giftstoff. Born/ungdom på trening og i leiken bør vera varsame og ikkje ha kontakt med planten.

Trømsøpalmen, som eigenleg er Kjempebjønnekjeks, er tilbake langs kanten på Kunsgrasbanen og langs Strandavegen. Planten er toåring og må takast før frøing. Kjell Yri er ein av dei som har hatt denne jobben dei sist åra. Han er klar til å ta nedskjeringa i år også. Uskedalen.no har spurt Svein Rimestad om kva som særkjenner denne planten i floraen vår.

Varmen den siste tida har gjort at ein heil del av det som blømer i juli står i blom alt no. To uynskte gjengangarar som gjer mykje av seg, er kjempebjønnekjeks (*Heracléum mantegazzianum*) og Tromsøpalme (*Heracléum lacinatedum*). Dei skil seg berre frå einannan ved at kjempebjønnekjeks kan verta over 3 m høg, medan Tromsøpalma "berre" vert 2 m.

Bjønnekjeks (*Heracléum*) er ei slekt i skjermplantefamilien, og har fleire artar her til lands. Mange av dei er ganske like, og dei inneheld alle ulike variantar av ei stoffgruppe som vert kalla furokumarinar. Desse giftstoffa gjer huden svært lysfølsam, og berre det å ta på planta kan gje sterk, smertefull og langvarig eksem.

Både desse artane har vorte dyrka som prydplanter, men er uynskte sidan dei har denne gifta, og spreier seg viljug på eiga hand. Får dei høve til det, set dei svært mange frø, og der dei veks, kjøver dei etter kvart mykje av det som står kring dei av planter. Det har vore teke ein del initiativ med å kutta plantene før dei set frø.

Plantene vert hevda å vera toårige, men skjer ein dei ned for tidleg (før dei set stokk og blomskjermar), brukar dei heller ikkje opp så mykje av energien, slik at då kan dei gjerne halda ut i fleire år. Ein må berre sikra seg at ikkje blomskjermene får setja frø etter kutting; difor er SIM rette staden for slikt avfall.

Skjermplantefamilien er svært artsrik, og mange av artane vert nytta til mat og krydder (gulrot, løpstikke, dill, pastinakk, anis, koriander, karve, selleri og persille). Det finst og ein del dødeleg giftige planter i denne familien,

til dømes selsnepe og giftkjeks (skarntyde).

Skal du leva av naturen, bør du vita nok til at du overlever.

Tekst: Svein Rimestad

Foto/nett: Kristian Bringedal